



SAMLA SAKSFRAMSTILLING

Tysnes kommune

Arkivsak : 19/521 -
Arkivkode: 504

Sakshandsamar: Morten Anthonessen

Handsamingar:

Utvalsaknr.	Utval	Møtedato
PS 26/20	UTVAL FOR LANDBRUK/TEKNISK	18.06.2020
PS 66/21	UTVAL FOR LANDBRUK/TEKNISK	12.10.2021
PS 68/21	FORMANNSKAPET	26.10.2021
PS 41/21	KOMMUNESTYRET	16.12.2021

HANDSAMING ETTER NY HØYRING AV REGULERINGSPLAN GNR. 158, BNR. 1 M.FL - FISKERIHAMN/NAUSTOMRÅDE - SKORPO

SAKSUTGREIING:

Føremål med reguleringsarbeidet er å leggja til rette for fiskerihamn, kai, naustområder med småbåtanlegg, areal for fremtidig marin næringsverksemd, friluftsområde i sjø og på land og tilkomstveg.

Oppsummering

Planframlegget vart handsama og lagt ut til offentleg ettersyn 18/6 2020

Det var synfaring i området saman med politisk utval Landbuk/teknisk, administrasjonen representert ved einingsleiar for forvaltning, byggjesakshandsamar og planansvarleg i kommunen. Tiltakshavar var representert gjennom plankonsulent, grunneigare og andre med interesse i saka og advokat som representerte ein av grunneigarane.

Under offentleg ettersyn kom det fleire merknader til saka i tillegg til at Fylkesmannen fremja motsegn til planen. Vestland fylkeskommune sin merknad var samanfallande med Fylkesmannen sin.

Merknadane ligg ved saksutgeiinga og er innarbeid i planarbeidet så godt det let seg gjera. I prosessen har kommunen hatt fleire møter med Fylkesmannen i Vestland som no er Statsforvaltaren i Vestland.

Møter er gjennomført både saman med tiltakshavar og som oppfølgingsmøter mellom statsforvaltar og kommune på rådmann og ordførarnivå.

I denne prosessen fekk me ein stadfesting av at fiskerihamn er i samsvar med føremål i gjeldande kommuneplan. Statsforvaltaren har også bede om litt strammare rammer for planen i område og nærare spesifisering av korleis området skal utviklast.

Avgrensa høyring

Revidert planframlegg for fiskerihamn Skorpo, vart sendt partar med interesse i saka på avgrensa høyring 1.9.21.

Planen er revidert etter fleire dialogmøter og oppfølgingsmøter med Statsforvaltaren i Vestland, spørsmål om planframlegget er i samsvar med overordna plan er avklart.

Planen held fast på vegløysinga inn i området, då eksisterande vegløysing i dag allereie strekk seg over 100 meter inn i planområde, og eit alternativ med heilt ny vegtrasè vil føra til store inngrep i LNFR område i strandsona.

Det er levert revidert plankart, føresegn som saman med planskildring gir underlag for å vurdera planframlegget. Det juridisk bindande plankartet med tilhørande føresegn vert det som til slutt utgjer detaljreguleringsplan for Fiskerihamn og Naustområde på Skorpo i Tysnes kommune.

Kommunen tek ikkje stilling til privatrettslege forhold i reguleringsprosessen, men vil minna om moglegheiten for å skipa eit veglag som kan løyse konflikter og sørge for ein rettferdig kostnadsfordeling for vedlikehald og retningslinjar for framtidig bruk av vegen. Kommunen legg vidare til grunn at området skal vera tilgjengeleg for ålmenta, i strandsona skal det ikkje etablerast plattingar eller møblerast på ein måte som gjer at området framstår privatisert.

Maritim rekreasjon skal det vera store moglegheiter for, men det er eit klart skilje på kva ein kan gjera i et naustområde kontra eit område for fritidsbustader. Fiskeriverksemda må sjølv sagt framleis ha moglegheit for å sikre sine verdiar i eit avgrensa område i planen.

Partane i saka vart i siste høyringsrunde invitert til å kommentera og trekke sine motsegn/merknadar.

Det er innan fristen motteke 4 merknadar, som alle ligg ved saka i sin heilskap. Det er svar frå Statsforvalteren i Vestland, Advokatkontoret Sunnhordland på vegne av grunneigar i tillegg til to merknadar utover dette.

Dei tre merknadane som kjem frå grunneigar og andre private interessenter går i hovudsak på spørsmål om tilkomst, men det er og synt til etableringa sin påverknad av landskapet, det eksisterande miljø og spørsmål til overordna plan.

I nokre av høyringsvara vert det stilt spørsmål ved sakshandsamar sin habilitet, rådmannen vil her peika på at det frå kommunen si side i oppstartsmøte også vart peika på at vegframføring i område i størst mogleg grad må byggja på etablert veg og ikkje punktera nye landskapsområder langs sjø. Rådmannen kan ikkje sjå at det ligg habilitetsmessige problemstillingar i saka.

Når det gjeld Hetlelidvegen så har grunneigar med merknad til planframlegget sjølv stadfesta i skriv til kommunen så seint som 17.07.21 at det skal tilretteleggast for snuplass for vogntog

opptil 19,5 meter om lag 200 m. fra planområdet. Dette er knytt til uttak av tømmer, denne delen av vegen bør vera uproblematisk i høve til dei planar for bruk som vert lagt til grunn i planframlegget.

For nyetablering i planområdet så er det stort sett i anleggsfasen det kan bli trong for å køyre med tyngre bilar til fiskeriverksemda, dette er ein sjøtilknytt næring og det meste av transporten går difor sjøvegen.

Det siste vegstykke ned mot sjøen er bratt, men det er ikkje uvanleg at deler av vegar i område som dette ikkje kan byggjast i henhold til dei ulike handbøker statens vegvesen gjev ut. Vegvesenet sine handbøker er ikkje ei lov men ei tilråding. Det er mange vegar til sjø i Tysnes kommune og på Vestlandet elles som aldri kunne vore bygd om handbøkene måtte leggst til grunn for all vegplanlegging. Her har me også med oss Vestland Fylkeskommune som i gjeldande RTP seier at det i større grad skal vurderast avvik frå desse handbøkene for å få meir vegbygging i fylke.

Tysnes kommune forventar at tiltakshavar utbetrar vegen under og etter anleggsperioden så det ikkje medfører ulempe eller vert til hinder for anna trafikk i område. Etter anleggsperioden så vil det bli normal trafikk ned til sjøen på same måte som dei som nyttar området i dag.

Det er ikkje lønsamt for fiskeriverksemda å la båtane ligge til kai, det er på havet verdiane vert skapt og der er dei i følgje fiskarane, om lag 200 dagar i året.

Det er ein utfordring å gjera alle tilfreds i saker der nye aktørar kjem inn i eit etablert område med skrivne og uskrivne regler for bruk av område. Ein reguleringsprosess og reguleringsplan er etter kommunen sin meining det beste verkemiddelet for å sikra at alle interesser i eit område vert høyrte og vegd opp mot einannan. Planen gjev rammer for ny bruk og vurderer den arealmessige utnyttinga av eit område utan å ta omsyn til privatrettslege forhold og dei til einkvar tid gjeldande eigedomsgrensene. På denne måten er plan ein god måte å sikra utvikling av område samstundes er den einskilde sin rettstryggleik godt ivareteke gjennom prosessen.

Det ligg inga utbyggingsplikt til det planlagde naustområdet i planen, men planen gjev ein moglegheit for at område kan verta nytta til dette føremålet i framtida. Kai, naust og flytebrygger kan nå omsøkast utan trong for dispensasjonar eller andre fordyrande og tidkrevande prosessar.

Statsforvalteren sin uttale til saka stadfester langt på veg kommunen sine argument for at det no ligg føre ein godt gjennomarbeida plan som syter for etablering av eit ønska bygg for fiskeriverksemda. Anna aktivitet i direkte tilknytning til fiskerihamna er teke ut av planen samstundes gjev planen høve til å etablere naust og småbåtanlegg i eigna områder.

Vedlegg:

- Plankart revidert 24.08.21
- Føresegn revidert 30.08.21
- Planskildring
- Høyringsvar med vedlegg - Fredrik Hansen
- Merknad revidert framlegg -Advokatkontoret Sunnhordland
- Innspel til reguleringsplan -Olav Eger Hesjedal / Ingrid Sæverud Røen

- Uttale til avgrensa høyring og trekking av motsegn- Statsforvaltaren i Vestland

Merknader og innspel før revidert plan:

- Advokatkontoret Sunnhordland
- Vestland fylkeskommune
- Fiskarlaget vest
- O E Hesjedal
- Helge Hystad
- Fredrik Hansen
- Rune Hystad
- NVE
- Fiskeridirektoratet

INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:

I medhald av plan og bygningslova § 12-12 godkjenner Tysnes kommune Reguleringsplan gnr.158, bnr.1 m.fl. fiskerihamn/naustområde – Skorpo, med tilhøyrande plankart og føresegner.

HANDSAMING I UTVAL FOR LANDBRUK/TEKNISK 12.10.2021:

Øystein Dalland la fram følgjande forslag til vedtak:

«Landbruk/teknisk syner til vegløyninga for reguleringsplan gnr.158, bnr.1 m.fl. fiskerihamn/naustområde – Skorpo. Landbruk/teknisk er av den oppfatning av at den valde løysinga er uheldig og ynskjer ikkje å anbefale den vedtatt.

Landbruk/teknisk sender saka vidare til Formannskapet for behandling og vidare til Kommunestyret for endeleg godkjenning.»

Ved røysting vart framlegg frå Øystein Dalland samrøystes vedteke og det ligg med det føre følgjande;

VEDTAK I UTVAL FOR LANDBRUK/TEKNISK 12.10.2021:

Landbruk/teknisk syner til vegløyninga for reguleringsplan gnr.158, bnr.1 m.fl. fiskerihamn/naustområde – Skorpo. Landbruk/teknisk er av den oppfatning av at den valde løysinga er uheldig og ynskjer ikkje å anbefale den vedtatt.

Landbruk/teknisk sender saka vidare til Formannskapet for behandling og vidare til Kommunestyret for endeleg godkjenning.

HANDSAMING I FORMANNSKAPET 26.10.2021:

Det vart innleiingsvis avklara at vedtak i utval for landbruk og teknisk i denne saka har gjort eit reint prosessvedtak og at utvalet sitt vedtak ikkje vil vera eit sjølvstendig fralegg i saka.

Representanten Magnar Solheim sette fram slikt framlegg til vedtak:

«Planen vert ikkje godkjent med dagens vegløyising.»

Ordføraren sette fram framlegg om å følgja rådmannen si innstilling i saka. Ved avrøysting vart framlegg frå representanten Solheim sett opp mot rådmannen si innstilling, framlegg frå representanten Solheim fekk 2 røyster (Frp og Ap), innstilling frå rådmannen fekk 5 røyster (Sp, H)

FRAMLEGG TIL VEDTAK FRÅ FORMANNSKAPET 26.10.2021 MED TO (AP OG FRP) RØYSTER:

Planen vert ikkje godkjent med dagens vegløyising

FRAMLEGG TIL VEDTAK FRÅ FORMANNSKAPET 26.10.2021 MED FEM (H OG SP) RØYSTER:

I medhald av plan og bygningslova § 12-12 godkjenner Tysnes kommune Reguleringsplan gnr.158, bnr.1 m.fl. fiskerihavn/naustområde – Skorpo, med tilhøyrande plankart og føresegner.

HANDSAMING I KOMMUNESTYRET 16.12.2021:

Habilitetsvurdering: Representanten Geir Røsland vart vurdert ugild i saka.

Framlegg framsett av representanten Eirik Wilhelmsen:

Kommunestyret viser til vegutløyisingen for reguleringsplan gnr.158 bnr.1 m.fl. Fiskerihavn/naustområde - Skorpo. Kommunestyret er av den oppfatning av at den valgte vegløyisingen er uheldig og ønsker ikkje å vedta planen med den vegløyisingen som ligger i planen.

Framlegget frå representanten Wilhelmsen falt med 2 (frp) mot 18 (H, Sp, Krf, Ap) røyster.

VEDTAK I KOMMUNESTYRET 16.12.2021:

I medhald av plan og bygningslova § 12-12 godkjenner Tysnes kommune Reguleringsplan gnr.158, bnr.1 m.fl. fiskerihavn/naustområde – Skorpo, med tilhøyrande plankart og føresegner.